



Vikøy sokneråd  
Postboks 39  
5600 Norheimsund

## Referat frå soknerådsmøte

**tysdag 23. februar 2016 i Norheimsund kyrkje kl. 19.00 -22.00**

---

**Frammøtte:** Alle til stades.

Rebecca Opsahl-Engen, Ingvill Sørheim, Odd Øygarden, Kari Bente Valland  
Træbakken, Eimund Solsvik, Gudrun Skeie Langeland, Astrid Helleve Fylkesnes  
Roar Strømme, Siri Øverland og Edmund Tolo.

---

### Opning v /Ingvill Sørheim.

### Sak 9/16 Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå møtet 19.januar 2016.

Godkjent. Ang ekstra saker frå siste møte, skriv frå prost om arbeidsutval, fristen er ikkje 1. mars men 15.mars.

### Sak 10/16 Orienteringar:

- nytt i kyrkjelyden v/soknepresten
  - o Roar Strømme orienterer om tilrettelagt gudsteneste og at denne ikkje vert «spesiell» men laga slik at denne vert normalisert slik at fleire vil koma utan at det vert noko segregering, men integrering.
    - Forslag om «bli kjent i kyrkja» kurs for funksjonshemma med avsluttande gudsteneste.
  - o Trusoplæring. Stor aktivitet i «Tårnagentane» med god oppslutning.
  - o Konfirmantar , forbøn er organisert, og desse har presentert seg for konfirmantane.
  - o Soknepreststillinga vert lyst ut i mars.
  - o Babysong er no utlyst i avisa , med oppstart med det fyrste.
  - o Palmesøndag 20. mars. Himalpartner får besøk (Malati frå prosjektet ECEC) frå Nepal, og vi prøver å integrera ein appell fra henne . Roar, Ingvill og Himalpartner-gruppe i bygda organiserer dette.
  - o Kyrkjebladet ynskjer ein ekstra representant. Dette har vore Magne Kolstad og Olav Reite. Strandebar har sitt eige blad. Diskusjon ang distribusjon og samarbeid. Ingvill undersøker om samarbeid er mogleg.
  - o Fasteaksjonen: komite Odd, Siri Kari Bente og Marna. Møte 8. mars Dei informerer i etterkant av møtet. Aksjonen er tysdag 15. mars - komiteen sender ut e-post med oppmøtetidspunkt når dei har hatt møte.

### Sak 11/16 Årsmøte 6.mars

- framlegg til årsmelding 2015 v/Ingvill
  - o Årsrapport frå Vikøy Sokneråd 2015 var lagt fram av Ingvill Sørheim og gjennomgått i møtet med mindre kommentarar og endringar.
- framlegg til budsjett 2016 vart framlagd, og Eimund justerer nokre postar for å få det til å gå opp( i utgangspunktet må ikkje utgifter føreslått 108000 overgå inntekter som opphavleg i arket var 105000.



- Eimund jobbar vidare med dette.
- (3)7862Offer til andre/fasteaksjon må budsjetterast likt som 6370 , offer til andre. Retta kontoarten
- I rekneskopen er det noko «etterslep» frå 2015 som har vorte betalt i 2016 som gjer at summen pr. 31.12.15 er høg, den er no redusert. Eit liknande etterslep er det også frå 2014 til 2015. Eimund snakkar med Jorunn og ho på rekneskapskontoret slik at ein får klarlagt dette meir nøyaktig, og sjekkar at innsamla midlar vert lik summen av utbetalte pengar.
- halvårsplan , her er ikkje sendt ut noko nytt. Denne vert lagt fram 6. mars. Førebels er det ikkje vedteken noko gudstenesteplan for hausten 2016, men det kjem eit framlegg snart.

### **Sak 12/16 Gudstenesteforordninga. Ingvill og Roar orienterer.**

Roar orienterer om dette , vidare frå sist gong. Både talet på gudstenester , og føringar frå biskopen om at både befolkningstal og frammøte skal vektleggjast med kor desse skal plasserast.

I samarbeid med dei andre prestane og kyrkjevevja vert det arbeid vidare med dette. Eit førebels skriv er sendt soknerådet der 99 gudstenester er fast fordelt. Totalt skal det verta 110 , basert på 2 prestar x 55 gudstenester.

Prosessen rundt arbeidet er ikkje avslutta, og det vert kalla inn til nytt møte med prestar og soknerådsleiarar innan 14 dagar. Då vil truleg eit endeleg forslag verte klart. Sjølve forslaget sender ein vidare til prosten som skal ta ei avgjerd på dette. Dette er ei orienteringssak som ikkje soknerådet er pliktig å gjera noko vedtak om.

### **Sak 13/16 Konfirmantfesten torsdag 28.april. Ingvill orienterer.**

- val av komite , Gudrun, Berit Skutlaberg og Ingvill.+ evt. Marna?
- Vanlegvis om lag 75- 90 konfirmantar og foreldre
- matservering ( i fjor var det taco og kaker)
- I tillegg har ein litt enkelt program (bilete frå konfirmasjonstida, leiren, quiz, eit musikalsk innslag og/eller eit par allsongar).

### **Sak 14/16 Tilbod om «åndeleg rettleiing» v/Audun Aase. Roar orienterer.**

Utsett til neste møte

### **Sak 15/16 Agenda 1.**

- Eli Tveitane orienterer
  - o Agenda1 var repr med Jon Sindre Sæternes frå Norhs. Sokneråd. Han har saman med J.R.Knudsen og Eli Tveitane vore på møte med om dette. Lærenettverk, evangeliserande.
  - o Frå Øystese Sokneråd, Hans Atle Soldal, Elin Feste , , Vidar Grindheim ,Nhs. Indremisjon har vore med som repr. frå Kvam.
  - o «Ein god dag» -Agenda 1 Har delteke i diverse praktisk arbeid med opptil 30 hjelperar i Kvam
  - o Neste fellessamling er 8-9 april i Bergen.
- Ynskjer soknerådet å delta i dette nettverksarbeidet?
  - o Dersom nokon har interesse vert det oppfordra om å delta i nettverket.

### **Sak 16/16:Eventuelt**

Ingen saker tekne opp her:

**NESTE MØTE: Tysdag 12. april kl. 19.00 i Norheimsund Kyrkje.**

**Referent : Edmund Tolo**